



Studieforbundet kultur og tradisjon

Vågåvegen 35

2680 Vågå

tlf 61 21 77 50

post@kulturogtradisjon.no

www.kulturogtradisjon.no

Til
Det Kongelige Kunnskapsdepartement
Pb8119 Dep
0032 Oslo

25/11 2015

Hørings svar – forslag til endring i forskrift om studieforbund og nettskoler

Studieforbundet kultur og tradisjon (SKT) takkar for at vi får kome med innspel til framlegg om endring i forskrift om studieforbund og nettskoler.

SKT stiller seg svært kritiske til regjering sitt framlegg om ytterlegare 10 % øymerking av støtta til studieforbunda i statsbudsjettet for 2016. I dag er allereie 15 % av denne potten øymerka tilretteleggingstilskot. Desse midla blir brukte til å styrke moglegheitene svake grupper har for kompetanseheving. I tillegg kom det hausten 2015 ei eiga søkbar ordning Basiskompetanse i frivilligheten(BKF). Her er det ytterlegare øymerka midlar til tiltak for same gruppe. SKT meiner det svekker ordninga å øymerke så stor del av potten. Tilskotet blir i dag nytta til kurs og opplæring over heile landet. Dagens ordning er ubyråkratisk og styrt etter behov hos frivillig sektor. Å øymerke ytterlegare 10 % slik regjeringa foreslår, svekker evna frivillig sektor har til å tilby kompetanse, og innfører eit nytt komplisert byråkrati.

Dersom det frivillige må dokumentere utdanningsnivå, om kursdeltakaren er i arbeid, og om dei er innvandrarakar, medfører det eit stort og omfattande kartleggingsarbeid som ikkje fremmer frivillig innsats. Tvert om, vil dei fleste lokallag føle ubehag ved å be om personleg informasjonen frå deltakarar for å tilfredsstille kravet til departementet. Faren er at heller enn å auke aktiviteten for målgruppa, vil 10 % øymerking skape fall i engasjementet, og tilbodet forsvinn grunna auka krav til dokumentasjon.

Regjeringa går med dette framlegget mot si eiga Frivillighetserklæring. I Frivillighetserklæringa står det «Regjeringa anerkjenner frivillighetens

selvstendige rolle. Regjeringen ønsker ikke å regulere frivilligheten, men støtte opp under frivillighetens egenart og drivkraft gjennom å gi handlingsrom, forutsigbarhet og tilrettelegge for vekst nedenfra.»

Framlegget om ytterlegare øymerking på 10%, er nettopp ei regulering av det frivillige feltet. Det frivillige feltet skal vekse fram nedanfrå, men gjer det egentleg det med ytterlegare krav og øymerkingar tredd nedover seg ovanfrå? Vi meiner regjeringa bryt med Frivillighetserklæringa i dette framlegget.

Prinsippet om meir øymerking av kurs for spesielle grupper fører til særskilte kurs for målgruppa. Vi meiner det er uheldig og stigmatiserande, og at det ikkje bidreg til den inkludering Kunnskapsdepartementet ønskjer. Vi meiner ein deltakarar inkludert i eit ordinært kurs vil gi betre effekt, men meiner også at dagens tilretteleggingstilskott i mykje større grad må kunne nyttast her. Departementet bør i verksette ein gjennomgang av korleis bruken av tilretteleggingstilskottet har utvikla seg for å sikre mangfald og ikkje innsnevring av bruken.

Vi meiner dette framlegget til forskriftsendring er negativt for kurs i frivillig sektor og ber om at det ikkje blir i verksett. Vi meiner også at Kunnskapsdepartementet må ha ein gjennomgang av bruken av tilretteleggingstilskottet for å sikre mangfald og vekst i kurs for målgruppa hos alle studieforbund.

Til slutt vil vi understreke at frivillig sektor også innanfor opplæringsarbeidet er ei positiv kraft for å møte utfordringane med flyktningstraumen. Dette bør skje heller skje gjennom inkludering på opne kurs enn gjennom stigmatisering på eigne kurs for målgruppa.

Vi viser til Voksenopplæringsforbundet sitt høyringsinnspel og slutter oss også til deira argumentasjon.

Med vennlig hilsen
Studieforbundet kultur og tradisjon

Eli Ulvestad /s/
Leder



Kjærsti Gangsø
Daglig leder